



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato  
18.06.2014  
Dykkar dato  
13.06.2014

Vår referanse  
2014/5387 632.3  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Bet.ref.:2170hha

### Tilskot til leirskoleopplæring våren 2014 – Kap. 0225 Post 66

Utbetaling av kr. 58 960 vert overført til Meland kommune sin konto 1503 18 83722 i juni/juli månad.

Fylkesmannen viser til retningslinjer for forvaltning av tilskot til leirskoleopplæring jamfør statsbudsjettet kap. 225 post 66.

Tilskotet vert utbetalt etterskotsvis haust og vår. Fylkesmannen vil på grunnlag av innsendt refusjonskrav frå Meland kommune for våren 2014 gje tilsegn om tilskot til 4 grupper sats kr. 536 per klokketime per gruppe.

Kommunen kan berre søkje om eitt leirskuleopphold per elev i løpet av grunnskolen. Tilskotet skal i sin heilhet nyttast til leirskoleopplæring eller annan aktivitet/opplæring som tilfredsstiller vilkåret om at opphaldet skal ha ein lengde på minst tre overnattingar i samanheng i løpet av grunnskulen. Kostnadsfaktor er fastsett av Stortinget til kr. 536,- per klokketime per gruppe i maximum 27,5 klokketimar. Det blir gitt tilskot for 5.5 timer per dag. Tilskotet vert utbetalt til heimkommunen for dei gruppene som har vore samla på leirskule.

Målet for tilskotsordninga er å gi eit leirskuleopphold i grunnskuletida jf. brev frå Udir 23.03.09 og nye retningsliner frå 1. januar 2012.

Det er krav om at faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden om tilskot skal oppbevarast i høve til dei reglande som gjeld for oppbevaring av rekneskapsdata. Tilskotet skal inntektsførast på same kapitel som det vert utgiftsført i kommunane sine obligatoriske rekneskapsrapportar.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene jf. bevilningsreglementet § 10 og lov om riksrevisjonen § 12. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette verta retta opp ved eit seinare høve. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

